



SOGN REGIONRÅD



Programplan for System for styrka læring i Sogn

2022 - 2030



Innhold

1. Bakgrunn og rammer	3
2. Målsetjing og tidsperspektiv	4
3. Programområda	5
4. Samarbeidspartar og organisering	9
5. Arbeidsmodell	10
6. Økonomi og avtalar	11

1. Bakgrunn og rammer

”System for styrka læring” har vore kommunane i Sogn regionråd sitt permanente program for barnehage- og skuleutvikling i perioden 2013 – 2021. Det avløyste programmet “Sats på skulen- snu Sogn, som var eit felles program for skulane i Sogn frå 2006 – 2012. Programmet System for styrka læring har vore utviklingsprogram for både barnehagen og grunnskulen med målsetjinga “Auka læringsutbytte for alle gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring med redusert spesialundervisning.

Programmet vart vedteke i kommunestyra og leia av eit breitt samansett programstyre som regionrådet har vedteke mandat for. Kommunane i Sogn regionråd er frå 2020 Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Det har vore arbeidd aktivt på tvers av kommunane gjennom dei seks satsingsområda som planen har lagt opp til.

Programområda har vore:

1. Systemisk læring
2. Vurdering for læring
3. Motivasjon og meistring
4. Psykisk helse
5. Entreprenørskap
6. Tidleg innsats

Dei store nasjonale satsingane i barnehage- og skule, «Ungdomstrinn i utvikling» og «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» har vorte ein naturleg del av programområda 3 og 4.

Sterkt fokus på

- læringsmiljøet i barnehage og skule og på psykisk helse og livsmeistring
- gjennomføring av skuleløpet
- gjensidig utnytting og deling av teori og praksis som nyttar
- fagleg styrking gjennom fagnettverka i barnehage og skule

Frå 2022 vil det regionale utviklingsprogrammet arbeide vidare med auka læringsutbytte for alle, under paraplyen «Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring. FN sine 17 berekraftsmål med særleg vekt på god helse, god utdanning og arbeid for ei varig levedyktig jord gjev sentrale føringar. Arbeidet i regionen må vere langsiktig og det har teke inn i seg nasjonale føringar og regionale prioriteringar og byggjer på premissane i vedteke verdigrunnlag og Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og skulefritidsordning:

- Aktiv, kreativ og kritisk elevrolle
- Breitt kompetanseomgrep
- Innovasjon og entreprenørskap
- Profesjonsfellesskap som utviklar ny praksis

Programplanen legg opp til samarbeid om felles nasjonale og regionale satsingar, noko som gjer at vi kan styrke arbeidet gjennom deling og felles kunnskapstilleining. Regionen kan også dra sterk nytte av kompetanseutvikling som blir retta direkte mot prioriterte barnehagar og skular gjennom regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (rekom), desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skule (dekom) og

kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Dette er barnehagebaserte– og skulebaserte kompetanseutviklingsarbeid i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren. Kompetansedelning kan skje når regionen legg til rette for det gjennom faglege nettverk og i leiarsamlingar i samarbeid med Høgskulen.

Planen må sjåast opp mot andre til ei kvar tid gjeldande regionale planar.

Delingskulturen i regionen er sterk med nært samarbeid både på person- og organisasjonsnivå.

Planen er eit direkte framhald av arbeidet med System for styrka læring, både når det gjeld samarbeidsformer og satsingsområde. Erfaring og innspel frå aktørane i arbeidet, både i evalueringar og i leiarsamling med vidare satsing i regionen som tema, viser at det er viktig å samle seg om nokre store temaområde i arbeidet med ny plan. NTNU gjennomførte også ei omfattande midtvegsevaluering av arbeidet og denne signaliserer det same. Evalueringa trekker fram mange suksessfaktorar som styrkar oss og som vi må vidareutvikle i regionen:

- felles ramme rundt skuleutviklinga i regionen
- å lære av kvarandre- delingsprinsippet og delingskulturen
- nettverka er læringsarena
- samarbeidet med UH – sektoren
- små kommunar får mest igjen
- felles styrar og rektorsamarbeid
- kompetanse og det å ha tru på arbeidet
- barnehagen er med

Tverrfagleg samarbeid og nettverksbygging har også vore trekt fram som styrkar i arbeidet.

2. Målsetjing og tidsperspektiv

Målsetjinga med programplanen er å styrke alt utviklingsarbeid og å gjere god kompetanseutvikling tilgjengeleg for heile regionen. Det kan vi få til gjennom arbeid i sterke profesjonsfellesskap på alle nivå i barnehage og skule. Vi kan også utnytte beste praksis, då regionen har barnehagar og skular som har styrkar på kvar sine område. Gjennom dette samarbeidet vil leikemiljøa og læringsmiljøa utviklast og leggje til rette for god fagleg utvikling, noko som er basen i barn og ungdom sitt liv og i vidare utdanning og arbeidsframtid . Gjennomføring av vidaregåande skule er ein avgjerande faktor for barn og ungdom og for samfunnet og ein målestokk på kor godt dette arbeidet lukkast. Overgang til vidaregåande skule må difor styrkast. Samhandling med kompetansemiljøa blir viktig.

Planen er lagt opp for langsiktig arbeid og vil gjelde for 2022-2030. Han er ei felles satsing i kompetanseregionen. Det same gjeld for lærarspesialistane sin funksjon og at pedagogisk-psykologisk-teneste (PPT) er sentral aktør i dette arbeidet.

3. Programområda

Programplanen har fire prioriterte fagområde:



Programområde «Fysisk og psykisk helse»:

- kompetanse til å fremme god fysisk og psykisk helse
- bevisste val til å meistre medgang og motgang
- arbeide godt med foreldresamarbeid

Livsmeistring og helse er eit tema med sentral plass i Rammeplanen for barnehagen og eit av tre tverrfaglege tema i Læreplanen for grunnskulen og fagfornyinga. Psykisk helse handlar om korleis barna og elevane har det når det gjeld kjensler, tankar og handlingsmønster. Vi må styrke barna sitt oppvekstmiljø og gje dei kompetanse som fremmar god fysisk og psykisk helse, noko som har betydning for framtida deira og for folkehelsa. Godt arbeid på dette feltet styrkar og læringa til barna.

Kompetansen må også vere med å gje dei verktøy til å takle medgang og motgang som livet gjev.

Sogn regionråd har og ein vedteken plan for dette arbeidet, «Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge» og arbeid med basiskunnskap til personalet gjennom kompetansemodular.

Psykiske helse handlar om relasjonar og barna og elevane sitt psykososiale leike – og læringsmiljø. Hovudmålet er å styrke leike – og læringsmiljøet og læringsfellesskapet i barnehage og skule.. Det handlar om å gje barna/elevane god sosiale kompetanse, sjølvinnsikt og kjensle av meistring.

Fysisk aktivitet fremmar god helse og blir viktig del av arbeidet.

Vektleggje godt foreldresamarbeid for å styrke arbeidet med god psykisk og fysisk helse.

Det er viktig å ha eit tverrfagleg samarbeid kring dette tema med både helsestasjon og ppt. Eit godt samarbeid vil fremja tidleg innsats og igangsetjing av tiltak raskt. Rutinar for dette må liggje til grunn i kvar kommune.

Programområde «Tidleg innsats og språkutvikling»:

- godt samarbeid mellom barnehage, skule, ppt og laget rundt barna
- gode overgangar mellom barnehage og skule og overgangar til vidaregåande skule
- tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og skulefritidsordning (sfo)
- god språkutvikling

Lesing og skriving er grunnleggjande ferdigheiter som har stor plass og tyngd i læreplanverket.

I stortingsmelding Meld. St. 6 (2019-2020) Tett på –tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og sfo finn ein følgjande:

«Tidlig innsats betyr et godt pedagogisk tilbud fra tidlig småbarnsalder, at barnehager og skoler arbeider for å forebygge utfordringer, og at tiltak settes inn umiddelbart når utfordringer avdekkes. Tiltak kan være å tilrettelegge innenfor det ordinære tilbudet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak.»

Barnevernsreforma, gjeldande frå 1.januar 2022 legg og særleg vekt på tidleg innsats

Pedagogisk-psykologisk teneste er ein viktig del av laget rundt barna og eleven. PP-tenesta arbeider førebyggjande og bidreg til tidleg innsats. Ei PP-teneste som arbeider tett på barna og elevane, kan bidra til betre kvalitet både på det ordinære og det spesialpedagogiske tilbodet.

Barnehagen skal ivareta barna sitt behov for leik. Han skal fremme danning og læring, samt venskap og fellesskap. Barnehagen skal og fremma kommunikasjon og språk.

Gjennom kompetanseløft for spesialpedagogisk opplæring er målsetjinga at alle barn og elevar skal oppleve å få eit godt og tilpassa inkluderande tilbod i barnehage og skule. Barn og unge skal få høve til utvikling, meistring, læring og trivsel – uavhengig av føresetnader. Barnehagar, skular, pp-tenesta og andre i laget rundt barnet og eleven må arbeide saman for å skape eit inkluderande fellesskap og det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogeleg utgangspunkt for utvikling og læring.

Dette krev at ein ser det allmennpedagogiske og spesialpedagogiske tilbodet i samanheng og at der er samarbeidskompetanse for å kunne bygge eit godt lag rundt barna og elevane både når det gjeld vanlege utfordringar og samansette og meir komplekse utfordringar. Det krev og at der er kompetanse til å sjå når det er nødvendig å hente inn spesialisert kompetanse.

Rammeplan for barnehagen seier at barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen og alle barn skal få delta i aktivitetar som fremmar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.

I overordna del i Fagfornyinga står det: «Opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin og at dei kan bruke språk for å tenkje, skape meining, kommunisere og knyte band til andre»

Det forbetrar og mulighetene i leik og samhandling med andre, både i barnehage og skule. Språk er og trekt fram som eit viktig tema i evalueringar i regionen.

Samarbeid og kunnskapsoverføring mellom barnehage og skule er naudsynt for eit godt læringsutbytte og ein trygg kvardag for både barn og føresette. Det er viktig å ha gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule og frå grunnskule til vidaregåande skule. Her må ein òg ha eit tverrfagleg samarbeid då både fagpersonar og føresette sit på ulike kunnskapar og erfaringar som er avgjerande for å få til god tilrettelegging og utbytte av opplæringa.

Tidleg innsats er proaktiv, førebyggjande og tverrfagleg. Det må vere ein strategi der alle som er direkte og aktivt inne i arbeidet er godt koordinerte og foreina, til beste for barnet og eleven.

Programområde «Kreativitet, skaparglede og entreprenørskap»

- utvikle skaparglede og utforskartrøng gjennom tverrfagleg arbeid i barnehage og skule

Ein stor del av dagens verksemder kan vere borte om berre nokre få år. Entreprenørskap er ein sosial og dynamisk prosess, der ein ser moglegheiter og gjer noko med dei ved å omforme idear til praktisk og målretta aktivitet i ei sosial, kulturell eller økonomisk samanheng. Dette programområdet handlar om framtid, samspel

og skaparglede. Kreativitet, kritisk tenking og skapartrang er moment både i rammeplan for barnehagen og læreplanen i framtidens skule.

Det overordna målet er å styrke barna og elevane sine personlege eigenskapar, som kreative evner, trua på eigne ferdigheiter og lære seg å sjå moglegheitene i lokalsamfunnet sitt og bli motivert til å bli ein aktør i utviklinga av dette. Vi må ha fokus på å vidareutvikle dei etablerte tiltaka på programområdet gjennom entreprenørskap for barneskulen til og med vidaregåande skule og nytte leiarnettverka til dette.

Entreprenørskap handlar om elevaktiv og praktisk læring basert på erfaringar som barn og ungdom har med seg inn i barnehage og skulen. Vi må styrke bruken av slike variasjonsrike og inkluderande opplæringsstrategiar ved å vektleggje praktiske aktivitetar og arbeidsformer. Klima og berekraftig utvikling må stå sentralt i arbeidet. Den årlege entreprenørskapsmessa i samarbeid med Ungt Entreprenørskap må halde fram.

Programområde «Medverknad og vurdering for læring og gjennomføring av skuleløpet»:

- kritisk tenking og refleksjon på system – og individnivå
- forsterke ein vurderingspraksis som fremjar læring og lærelyst undervegs i opplæringa
- innverknad på eiga opplæring for å auka motivasjon og engasjement
- bli bevisste på verdien av eit gjennomført skuleløp individuelt og samfunnsøkonomisk
- arbeide aktivt mot utanforskap
- arbeide for å ivareta barn sine rettar og barns beste

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og utvikling av felles innhald. Dei skal støttast i å få gje uttrykk for synspunkt og skape mening gjennom samspel, dialog, leik og utforsking slik at dei utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse.

Vurdering for læring har vore ei nasjonal satsing, der skuleeigar og skular skal vidareutvikle eigen vurderingspraksis. I fagfornyninga har eleven fått ei mykje meir sentral rolle i dette arbeidet. Det gjeld både i eiga læring, å lære å lære, å samarbeide og å medverke og å ta medansvar i læringsfellesskap. Eleven skal ha reell påverknad. Temaet elevmedverknad kan romme fleire perspektiv. Det eine er demokratiske prosessar i skulekvardagen og korleis elevane kan få påverke opplæringa og undervisninga? Det kan og vinklast mot elevaktive arbeidsformer. Dei skal i langt større grad medverke og lære å ta medansvar i eiga opplæring og sitt framtidige liv.

Det blir viktig at elevane fullfører skuleløpet sitt fram til eit fagbrev eller ei utdanning. Dette gjev langt større muligheiter i livet både til framtidig arbeid og til fellesskap i samfunnet. Her må grunnskule og vidaregåande skule samarbeide ved overgangen.

4. Samarbeidspartar og organisering

Sogn regionråd samarbeider med fleire kompetanseaktørar som til dømes Høgskulen på Vestlandet, Regionalt kompetansesenter for barn og unge (NORCE) og Hemil-senteret ved Universitetet i Bergen.

Samarbeidsområdet er satsinga på det tverrfaglege arbeidet med psykisk helse, som er eitt av programområda.

Høgskulen Vestland er fagformidlar og samarbeidspart i utviklingsarbeid i regionen. Saman med Høgskulen er det og arbeidd ut ein plan 09.12.2016 «Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge» som er grunnlag for arbeid som føregår fortsatt.

Statped, Hemil-senteret (Universitetet i Bergen) og Helse Førde har og vore og vil vere samarbeidspartar i deler av programmet. Ungt Entreprenørskap (UE) er ein ideell landsomfattande organisasjon som samarbeider med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar for å utvikle kreativiteten til barn og unge. UE Sogn og Fjordane har vore med i programstyret frå "Sats på skulen – snu Sogn", og er med vidare i dagens program. Rådgjevarar frå UE Vestland kjem etter avtale ut i barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular i Sogn. Etter førespurnad bidreg UE med rettleiing og aktivitetar.

Kompetanseregion Sogn er ein viktig samarbeidsaktør for programstyret. Dette er samarbeidsforumet til dei barnehage- og skulefagleg ansvarlege i regionråds kommunane.

Det er dei kommunale ansvarsområda som er målet for programmet. I hovudsak blir innsatsen retta inn mot alle dei 43 barnehagane og 32 grunnskulane og skulefritidsordningane i Sogn. Dei private barnehagane og skulane er også med på satsinga. Det er viktig å få til eit samanhengande oppvekst – og utdanningsløp frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. Difor er dei fem vidaregåande skulane viktige samarbeidspartar der dette er aktuelt. Kommunane skal styrke kvaliteten i barnehage og grunnskule. Det er vesentleg å styrke samhandling og samarbeid mellom barnehagane, skulane, barnevern, helsestasjon og PPT i dette programmet.

Programstyret

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd peikar ut dei kommunale representantane til programstyret. Kompetansebehov og fordeling av oppgåver mellom kommunane er sentralt i val av medlemmar. Eksterne aktørar vert inviterte til å delta i programstyret. Alle deltek for to år om gongen. Programstyret skal primært kome med fagleg kvalifiserte innspel og tilrådingar, og bidra til utvikling og drift av programmet.

Programstyret er samansett av ein representant frå kvar av: Ordførar, rådmann, kommunalsjef oppvekst, rektor, styrar, PPT, Utdanningsforbundet, KS, HVL, Statped Vest, Ungt Entreprenørskap og programleiar og dagleg leiar i Sogn regionråd.

Andre sentrale roller

Det er kommunane som eig, styrer og er ansvarleg for barnehagar og skular. Utvikling, endring og tiltak i dei kommunale tenestene må difor vere administrativt og politisk forankra i kommunane. Programmet "System for styrka læring", programstyret og programleiar skal støtte og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling i kommunane. Programstyret må difor ha eit tett samarbeid med:

1. Rådmannsgruppa; eit administrativt samarbeidsorgan for rådmennene i regionråds kommunane.
2. Rektornettverket; nettverk for dei 32 rektorane i grunnskulane i Sogn, norskopplæringa, samt dei vidaregåande skulane.

3. Styrarnettverket; nettverk for dei 43 styrarane i Sogn.

Samhandling med kommunane


Fagnettverka vil i større grad vere tverrfaglege. Men det faglege er svært viktig del av arbeidet og basis for elevane si utdanning og framtid.

Regionale funksjonar går på omgang mellom kommunane for to år omgangen.

Både regionrådet og tiltak i regi av regionrådet er verktøy for å nå dei måla og behova kommunane har. Det er det kommunale eigarskapet i dei sju kommunane som må ha hovuddialogen med programstyret. Programmet skal støtte og bidra til fagleg og organisatorisk utvikling. Samarbeid og samhandling må føre til at vi skapar, deler og brukar ny kunnskap – til beste for barna og elevane.

5. Arbeidsmodell

Finansiering av vidare- og etterutdanning har endra seg dei siste åra. Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage, rekom, og desentralisert ordning for kompetanseutvikling for skule, dekom, er reint barnehage- og skulebaserte og midlane blir tildelte direkte til kommunane som har fått barnehagar og skular med i ordninga etter søknad og prioritering i regionen. Vi må vektlegge å trekke vekslar på dette gjennom dei fora regionen har felles. Dette gjeld leiarsamlingar for barnehage- og skule og fagnettverka. På den måten kan fagkompetanse spreia, delast og styrkast i arbeidet. Dei parallelle linjene blir viste i modellen. Her kjem det og fram kvar vi legg til rette for deling.



Systematisk og systemisk arbeid

Systematisk arbeid med kvalitetsutvikling og kvalitetsvurdering byggjer på planar for kva som skal gjennomførast, og korleis resultat skal formidlast mellom aktørar og nivå.

Systemisk kvalitetsarbeid er i sterkare grad enn det systematiske prega av heilskaplege tilnæringsmåtar og kunnskapsutviklande prosessar.

Heile dette programmet handlar om å vidareføre arbeidet for at barna i barnehagane skal få eit endå betre tilbod, og elevane i skulane eit endå betre læringsutbytte.

Fundamentet for god læring er ifølgje fagfornyinga ein aktiv, kreativ og kritisk elevrolle, eit breitt kompetanseomgrep, innovasjon og entreprenørskap og profesjonsfellesskap som utviklar ny praksis.

Tverrfaglege tema 1 Folkehelse og livsmestring 2 Demokrati og medborgarskap 3 Bærekraftig utvikling.

Barnehagen sitt samfunnsmandat er å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Planen legg til rette for å styrke arbeidet i regionen med dette.

Det blir utarbeidd ein årleg handlingsplan for arbeidet i regionen .

Avgjersle og oppfølging

Programstyret har to – tre årlege møte, og rapporterer til regionrådet. Programstyret fremjar ved behov saker til regionrådet for politiske vedtak. Regionrådet godkjenner handlingsplan, årsmelding og budsjett.

Programstyret er leia av ein av ordførarane i regionrådet. Programleiar er sekretær for programstyret, og har saman med dagleg leiar i regionrådet ansvar for å drive fram og koordinere dei ulike tiltaka i programmet.

Dagleg leiar deltek i rådmannsgruppa, og programleiar deltek i møta i kompetanseregion Sogn. Programleiar er også medlem i arbeidsgruppa for rektornettverket og fagnettverka for skulane, og styrarnettverket og fagnettverka for barnehagane. Forankring, oppfølging og samhandling med styringskjeda er etablert.

6. Økonomi og avtalar

Barnehage- og skuleutvikling er ei permanent oppgåve for kommunane. I Sogn har vi ein lang tradisjon for samarbeid, og resultatata i barnehage og dei skulefaglege resultatata syner at samarbeidet gir gevinst.

Barnehagane og skulane må uansett drive utviklingsarbeid, og investere tid og ressursar i dette slik modellen over viser.

Stillinga som programleiar blir finansiert av kontingentmidlane frå kommunane til regionrådet. Programmet søkjer ulike aktørar om tilskot og delfinansiering av aktivitetar og tiltak .

Vi optimaliserer resultatet ved strukturert og systemisk samarbeid. Dette fordrar at kommunane fyrst og fremst investerer i dei tilsette si arbeidstid i ulike tiltak og aktivitetar, slik vi har gjort, men som og tek høgde for ordninga med barnehage – og skulebasert kompetanseutvikling.

7. Framdriftsplan

Kva	Når	Kven
Nedsetjing av arbeidsgruppe	11.05.2020	Programstyret
Oppstartsmøte	23.06.2020	Arbeidsgruppa
Møte	01.09.2020	Arbeidsgruppa
Forankring og drøfting av målsetjing og satsing vidare	20.10.2020	Leiarar i barnehage, skule og kommune, samt ppt
Framlagde resultat etter leiarsamlinga den 20.10	09.11.2020	Programstyret
Møte	09.02.2021	Arbeidsgruppa
Informasjon om planen så langt	03.03.21	Programstyret
Styrarnettverk	23.03.21	Tilsette i bhg, leiarar
Leiarsamling skule	24.03.21	Tilsette i skule, leiarar
Handsaming av plan i programstyret	05.05. 2021	Programstyret
Utsending av forslag til kommunane	07.05.2021	Administrativt
Tilbakemelding frå kommunane	Innspelsfrist 1.juni	Regionrådet
Tilråding frå Sogn regionråd	18.06.2021	Regionrådet
Politisk handsaming i kommunane	Hausten 2021	Kommunane
Vedtak av plan i Sogn regionråd	29.10.2021	Regionrådet